



VINJE

«mottakernavn»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dato:17.11.2025

Vår referanse: 2025/8540-2

Sakshandsamar:Anne-Sofie Bergene Strømme

Delegert vedtak

Plan, økonomi og bærekraft - nr. 9/25

PlanID 20190002 Tyrvelid 99/6 - mindre endring av plankart - grensejustering mellom tomtene 20-8 og 20-9

Vedtak

Reguleringsplan for Tyrvelid, planID 20190002, blir endra i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 2. ledd, slik det går fram av saka og figur 1.

Bakgrunn


Etter oppmålingsforretning ser ein at det er føremålstenleg å gjere ein mindre planendring for grensejustering mellom tomtene 20-8 og 20-9. Tomtene ligg innanfor reguleringsplan for Tyrvelid 99/6, planID 20190002, vedteke i plan- og miljøutvalet 18.06.25, sak 78/25 etter mindre planendring.

Utdrag av føresegnene for tomtene 20-8 og 20-9 innanfor feltet BFF20:

§5.1.3 Fritidsbusetnad – frittliggende, BFF20					
a) Utnyttingsgrad:					
Tomt	Tomte- storleik m ²	Maks m ² -BYA eks. parkering	Type	Planeringshøgd moh.	Maks mønehøgd moh.
20-1	733	160 m ²	1 plan	Som bygt	876,5
20-2	743	160 m ²	2 plan	862,5 (sokkel)	870,5
20-3	575	130 m ²	1 plan	866,5	873,5
20-4	486	100 m ²	1 plan	867,5	874,5
20-5	602	130 m ²	1 plan	869	876
20-6	638	140 m ²	1 plan	869,5	876,5
20-7	525	120 m ²	2 plan	869,5 (sokkel)	877
20-8	673	120 m ²	2 plan	869,5 (sokkel)	877
20-9	566	120 m ²	1 plan	868,5	875
20-10	667	140 m ²	1 plan	867,5	873,5
20-11	772	160 m ²	1 plan	866	872

Grensejusteringa vil føre til betre arrondering og parkeringstilhøve framom inngang for eksisterande fritidsbustad. Justeringa får ingen konsekvensar for utnyttingsgraden eller omgjevnaden kring. Normalt vert slike mindre saker sendt på ei høyring. Endringa her har ingen konsekvensar for andre enn tiltakshavar av planen, og det er difor vurdert at det ikkje er

naudsynt å sende grensejusteringa på høyring. Dersom partane ikkje er samd i endringa, så kan dei klage på vedtaket.



Figur 1. Utsnitt av plankartet for Tyrvelid 99/6 som syner tomtene 20-8 og 20-9. Svar line syner gjeldande tomtegrense og raud stipla line syner føreslege ny tomtegrense.

Klage

Du kan klage på vedtaket. Klaga må sendast skriftleg til Vinje kommune, Vinjevegen 192, 3890 Vinje eller postmottak@vinje.kommune.no innan 3 veker. Dersom kommunen ikkje tek klaga til fylgje, blir klaga sendt til statsforvaltaren. Statsforvaltaren tek endeleg stilling til klaga.

Heimel

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-4, 2.ledd. Klagerett i medhald av plan- og bygningsloven §§ 1-9, jf. forvaltningslova kap. VI.

Gebyr

Faktura på kr. 1960 for små tiltak blir ettersendt til tiltakshavar.

Dokument i saka

[Reguleringsplan for Tyrveli 99/6, planID 20190002](#)

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar
Plan, økonomi og berekraft

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
SVEIN TORE KÅSA
INGVILD KÅSA